

Sjå adresseliste

Dato: 16.08.2017
Vår ref.: 2017/4336-5
Saksbehandlar: irevelu
Dykkar ref.:

Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018-2029 - høyringsbrev

Det ligg no føre eit forslag til investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan (RTP) Hordaland 2018-2029.

Vi inviterer statlege etatar, kommunar, organisasjonar og andre interesserte til å koma med ein uttale til investeringsprogrammet for fylkesvegnettet. Høyringa er open for alle.

Innspel på prosjekt frå høyringsrunden våren 2017 til RTP må meldast inn på nytt. RTP er eit overordna strategisk dokument, der innspel på prosjekt ikkje var ein del av det som vart etterspurt i høyringsrunden til RTP.

Fylkeskommunen er positiv til å yte tilskot til mindre samarbeidsprosjekt (kapitel 5.3.5.4) med kommunar og andre. Dei mest vanlege prosjekta er kommunar som skal legge vatn- og avløpsleidningar langs fylkesvegnettet, og som samtidig legg til rette for eit tilbod for mjuke trafikantar. HFK ber høyringspartane spele inn aktuelle samarbeidsprosjekt som ein del av høyringa.

Informasjon og høyring

På våre heimesider, www.hordaland.no, er det oppretta ei eiga høyringsside med informasjon om investeringsprogrammet. På denne nettsida er det òg mogleg å laste ned elektronisk versjon av investeringsprogrammet, samt sentrale grunnlagsrapporter.

Nettsida; <https://www.hordaland.no/nn-NO/politikk/du-kan-paverke/hoyring--investeringsprogram-for-fylkesvegnettet-til-rtp/>, inneheld bakgrunnsstoff og informasjon.

Høyringsinnspela skal sendast elektronisk på epost til hfk@hfk.no. Eposten må merkast med 2017/4336. Me oppmodar om å sende inn høyringsinnspela i god tid før fristen.

Endeleg høyringsfrist er 20. oktober 2017. Det vert ikkje opna for utsett frist.

Kontaktperson: Lise Fauskanger Ådlandsvik, tlf. 55239156, Lise.Fauskanger.Adlandsvik@hfk.no

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Irene Velure
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.